



Trond Martens Sivilarkitekt
Bragernes torg 8
3017 DRAMMEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/173 - 18/10359

Saksbehandlar:
Marianne Aadland Sandvik
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.
no

Dato:
14.05.2018

Godkjenning - GBNR 23/29 - Løyve til igangsetting for delar av tiltaket - riving av eksisterande bygning, samt grunn- og terrengarbeid og røyrleggjararbeid for ny bustad - Løypetona

Administrativt vedtak. Saknr: 103/2018

Tiltakshavar: Ragnhild Hordvik Osmundnes
Ansvarleg søkjar: Trond Martens Sivilarkitekt
Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) § 20-1, jf. § 21-2, 5. ledd.

SAKSUTGREIING:

Tiltak:

Ansvarleg søkjar har på vegne av tiltakshavar søkt om løyve til igangsetting for riving av eksisterande bygning, samt grunn- og terrengarbeid og røyrleggjararbeid for ny bustad på gbnr. 23/29, Løypetona.

Stusdal VVS AS har søkt om løyve til tilkopling til kommunalt vass- og avlaupsanlegg.

Det vert vist til søknadar med vedlegg, journalført motteke 11.5.2018.

VURDERING:

Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla i samband med søknad om rammeløyve til riving av eksisterande fritidsbustad og oppføring av ny einebustad, jf. pbl § 21-3. Søknad om igangsettingsløyve inneheld ikkje endringar som gjer det naudsynt med ytterlegare varsling.

Lov- og plangrunnlag:

Det følger av pbl § 21-4 tredje ledd at løyve etter plan- og bygningslova kan delast opp i rammeløyve og igangsettingsløyve. Igangsettingsløyve «*kan ikke gis før vilkår i rammetillatelsen er oppfylt, ansvarsrett er tildelt og kontrollomfang er avgjort (...). Igangsettingstillatelse kan deles opp.*»

Vassforsyning og avlaup:

Det er søkt om løyve til tilkopling til kommunalt vass- og avlaupsanlegg.

Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan, journalført motteke 11.5.2018. Ansvarleg føretak i byggjesaker står inne for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lova, jf. pbl kapittel 23.

VEDTAK:

«Meland kommune gjev i medhald av plan- og bygningslova §§ 20-1 og 21-4 fjerde ledd igangsettingsløyve for riving av eksisterande bygning, samt grunn- og terrengarbeid og røyrleggjararbeid for ny bustad, i samsvar med søknad med vedlegg journalført 11.5.2018.

Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av pbl, så fram det ikkje er gjeve unntak.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar og gjennomføringsplan journalført 11.5.2018., jf. pbl § 23-3.

Igangsettingsløyve fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år, eller dersom tiltaket vert innstilt i lengre enn to år, jf. pbl § 21-9.

Meland kommune godkjenner at eigedomen vert knytt til kommunalt VA-anlegg på følgjande vilkår:

- *Tilknyttinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.*
- *Alle sanitærinstallasjonar skal følgje standard abonnementsvilkår for vatn og avlaup, jf. kommuneforlaget.*
- *Tilknyttinga skal skje i kum. Ta kontakt med kommunen si driftsavdeling for tilvising av plassering. Melding om dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast til kommunen når tilknyttinga er utført.*
- *Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding om dette til kommunen.*
- *Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ, der tilknytingsgebyret i 2018 for vatn er kr. 20 000,- og for kloakk kr. 20 000,- pr. bueining + mva.*

Saka er handsama og avgjort administrativt og i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Ragnhild Hordvik Osmundnes

Rabben 57

5108

HORDVIK

Mottakere:

Trond Martens Sivilarkitekt

Bragernes torg 8 3017

DRAMMEN